



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Sande Kro, Sande</b>
<b>Møtedato</b>	<b>12.03.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>Kl 10:00 – 16:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Arnstein Menes Sp**  
**Anders Ryssdal Sp**  
**Björg Bergheim Sp**  
**Odd Atle Stegegjerdet**  
**Olin Johanne Henden H**  
**Ole Gunnar Krakhellen H**  
**Frank Willy Djuvik Frp**  
**Norunn Lunde Furnes Krf**

**Forfall til møtet:**

**Helen Hjertaas Ap**

**Varamedlemmer til stades:**

**Harald Offerdal Ap**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Velaug Veum**

**Sekretariat for møtet:**

**Oddveig Hove**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 12.02.2014 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering:**

Orientering og synfaring med Gaular kommune

Orientering om Nasjonale turistvegar v/Bjørn Andresen

Orientering om kollektivtrafikk v/Øystein Hunvik

Orientering om budsjettprosessen 2015 v/Lars Erik Lunde

Orientering om opning Årdal – Tyin v/Nils Magne Slinde

Svar frå Statens vegvesen: Brøytekontraktør melder inn til VTS før kl 07.00 om vegen vert opna kl 08.00 Då kan bussane og passasjerane planlegge i forhold til det. Det vil koste minimalt og gje den ønska effekten.

Orientering om RV 13 Vikafjellet v/Nils Magne Slinde

**SAK 14/14 Endring i yrkestransportforskrifta - overføring av løyveansvaret frå samferdselsdepartementet og fylkeskommune til Statens vegvesen, fråsegn**

**VEDTAK:**

Endringane i yrkestransportforskrifta er ei nødvendig tilpassing til Stortinget si endring av yrkestransportlova. Hovudutval for samferdsle har ikkje merknader til endringsframlegget.

-----

**SAK 15/14 Framlegg til særskilt fartsgrense på fylkesvegtunnelar i Sogn og Fjordane, fråsegn**

**VEDTAK:**

1. Tiltak som betrar trafikktryggleiken til trafikantane i Sogn og Fjordane er prioritert av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hovudutval for samferdsel har ikkje merknader til at det vert redusert fartsgrense til 70 km/t på aktuelle fylkesvegtunnelar.
2. Hovudutval for samferdsle har heller ikkje merknader til at det vert redusert fartsgrense til 70 km/t på aktuelle riksvegtunnelar. Når det gjeld Strynefjellstunnelane har ikkje utvalet merknader til at fartsgrensa vert sett til 70 km/t mellom tunnelane på grunn av dei korte avstandane mellom desse tunnelane.

-----

**SAK 16/14 Rassikring av veg til Veitastrond. Søknad om fråvik frå krav i handbok 021 Vegtunneler**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Tilrådinga frå Statens vegvesen si fråviknemnd om fråvik frå krav i handbok 021 Vegtunneler, kapittel
  - 4.3.2 krav om traktform på portalar
  - 4.5.6 krav om opphøga skulder
  - 5.2.2.7 krav om høgdehinder
  - 7.6.2 krav om nedre føringskant av betong i tunnelklasse A og Bblir godkjent.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 13 og pkt. 1.4.3 i delegeringsreglementet.

-----

**SAK 17/14 Utbetring av fv. 662 Hundeidbrua - søknad om fråvik frå krav i handbok 185 Bruprosjektering**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Tilråding frå Statens vegvesen si fråviknemnd om fråvik frå krav i handbok 185 Bruprosjektering, kapittel 1.2.4.1, om krav til minste breidde mellom rekkverk på ny bru på Hundeide, blir godkjent.

-----

**SAK 18/14 Omklassifisering av E39 i Lavik sentrum som følgje av ny tilkomst til Lavik ferjekai**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Om lag 270 meter av dagens E39 vert omklassifisert til fylkesveg
2. Om lag 130 meter av dagens E39 vert omklassifisert til kommunal gang- og sykkelveg
3. Om lag 50 meter av dagens E39 vert omklassifisert til fylkeskommunal gang- og sykkelveg

-----

**SAK 19/14 Omklassifisering av del av fv. 725 ved Moldreim i Stryn kommune**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Om lag 760 meter av fylkesveg 725 ved Moldreim i Stryn kommune vert nedklassifisert til kommunal veg i den stand den har i dag. Det vert føresett at kommunen syter for at det blir bygd vendelomme tilpassa buss.

-----

**SAK 20/14 Skriv og melding - hovudutval for samferdsle 12. mars 2014**

- 1: Reglementet for dei folkevalde sine arbeidsvilkår - presisering
- 2: Førde kommune - skuleskyss skuleåret 2012/2013
- 3: Sognefjellstunnelane - konseptval og statusendring for Fv53 og Fv55 - uttale frå Lom kommune
- 4: Kopi av brev frå Eid kommune – Kystvegen Måløy – Florø og ferjesambandet Stårheim – Isane.